



Px Solutions AS  
Postboks 901 Brakerøya  
3002 DRAMMEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/965 - 18/19033

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
13.06.2018

## Tillatelse til utvida bruk av avkjørsel fra kommunal veg på vilkår - gbnr 94/8 Skodvin nedre

**Tiltak:** Utvida bruk av avkjørsle  
**Byggjestad:** Gbnr: 94/8  
**Tiltakshavar:** Skodvin Montessoriskule styre  
**Ansvarleg søker:** Px Solutions AS

Delegasjonssak nr.: 304/18

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for Skodvin Montessoriskule datert 01.06.2018.

### **Saksutgreiing:**

#### Informasjon om saka:

Skulen har søkt om midlertidig bygg i 2 år som skal stå klart ved skulestart haust 2018. Elevtalet skal auke frå dagens rundt 80 og skulen har fått løyve til skule på inn til 100 elevar.

#### Vurdering/drøfting:

Tiltaket vert pr. i dag sett på som ei midletidig løysing.

Parkerings situasjonen ved Skodvin Montessoriskule er ikkje tilfredstillande slik den er i dag.

Det er få plassar, trafikksikkerheten er ikkje god og det er ikkje ynskjeleg med parkering langs vegen slik det ofte vert praktisert i dag. Det midlertidige bygget vil føre til auka trafikk til og frå skulen, samt behov for ekstra parkering for fleire tilsette.

Det har vore dialog mellom vegavdelinga og styre i samband med løysing for å etablere ny parkeringsplass for skulen. Tilbakemelding til byggesak og skule har vore at dersom ny parkeringsplass ikkje er godkjent og etablert til skuleåret 2018/2019 startar, kan vegavdelinga gi dispensasjon til utvida bruk.

Det må då etablerast ekstra tiltak for å betre trafikksikringa (for eksempel trafikkvakter ved alle bringe/hente tidspunkt), i perioden fram til ny parkeringsplass står ferdig og området utanfor skulen er meir oversiktlig.

### Samandrag/konklusjon:



Det gis midlertidig utvida bruk av eksisterande avkjørsle til Skodvin Montessoriskule, på vilkår.

### **Vedtak:**

Lindås kommune gjev mellombels løyve til søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Det må sendast inn søknad om etablering av ny parkeringsplass, ref. e-post til Torbjørn Sætre datert 05. juni 2018 kl. 14:47. E-posten er journalført Lindås kommune med nummer 18/18050.
- Ved godkjent tiltak for etablering på ny parkeringsplass, må tiltaket etablerast innan utgangen av skuleåret 2018/2019.
- I perioden for midlertidig bruk av eksisterande avkjørsle, må Skodvin Montessoriskule gjennomføre førebyggjande tiltak som gir ekstra tryggleik for elevane i tidsromma med mykje trafikk rundt skulen.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Dialog vedkomande parkering og avkjørsle - gbnr 94/8 Skodvin nedre

Skodvin Montessoriskule - avkjørsle parkeringsplass

Søknadsskjema avkjørsle

Skjema disp byggegrense kommunal veg

**Mottakarar:**

Px Solutions AS	Postboks 901	3002	DRAMMEN
	Brakerøya		
Skodvin Montessoriskule styre	Fagervollen 5	5956	HUNDEVIN